



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 03.10.2021

Protokoll frå møte i Stedje sokneråd torsdag 30.09.21 kl 19.30 – 21.00 på Stedjetunet.

Desse møtte:

Faste medlemmar: Kari Torhild Kvåle, Bjørn Skjeldestad, Bente Karin Vatilestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes og Helge Torstad.

Varamedlemmar: Lars Helge Flugheim, Oddbjørg Uglum, Aashild Vikdal og Ingunn Torstad Løvik.

Medlem Hans Magne Kvåle og Per Hilleren hadde meldt forfall. Mikael Bruun (sokneprest) er sjukmeld.

Prost Geir Paulsen møtte i staden for Bruun.

Etter at coronarestriksjonane har opphøyrert vert alle faste og varamedlemmar kalla inn.

Opningsord:

Paulsen las preiketeksten for kommande søndag og ba ei bøn.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Leiar la fram ei ny sak: Tilskot til frivilligheit-koronamidlar, som var komen til etter at sakliste var sendt ut. Soknerådet vedtok samrøystes å setje saka opp som sak 22/21 i dette møte.

Godkjenning av protokoll frå møte 26.08.2021.

Protokollen vart samrøystes godkjent.

Orienteringssaker:

1. Paulsen orienterte om stoda med sjukmelde/permitterte prestar, av høgst ulike grunnar, og vikarar. Arbeidssituasjonen er utfordrande, og biskopen har hand om arbeidsmiljøproblema i kjølvatnet av mediesakene kring soknepresten for eitt år sidan i Stedje sokn. Det er også noko støy i kjølvatnet av eit intervju i avisa Dagen med leiar av Fellesrådet Per Hilleren, der han uttalar seg om det å velje/velje vekk gudstenester som vert haldne av prestar som har tona flagg i høve til å ville vie likekjønna. Dette er uheldig frå leiar i Fellesrådet.
2. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.
Referat frå møte i Trusopplæringsutvalet (TOL) låg ved innkallinga.
3. Kyrkjekaffi, orientering om kva som er gjort etter at vi vedtok å starte oppatt med kyrkjekaffi på førre møte. Det vert kyrkjekaffi tre søndagar før jul, ein på Stedjetunet og tre i kyrkja. Folk må gjerne melde seg til teneste i den samanhengen (gruppa som har ansvar for kyrkjekaffi).
4. Det føregår mykje positivt m.a. basar halden på Stedjetunet med godt resultat til inntekt for Kyrkjelydshytta. Stedjetunet vert mykje brukt til ulike arrangement

Vedtakssaker:

AU hadde ikkje møte i forkant og sakene vart lagt fram utan tilråding.

Sak 19/21 Ny kyrkjeleg organisering. Viste til e-post frå kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide datert 18.08.2021 med lenke til høyringsuttale. Soknerådet må ta til med dette arbeidet snarast. Høyringsfristen er 01.12.2021.

Fleire i møtet peika på kompleksiteten i dette arbeidet, at det er mykje å prøve å setje seg inn i og ha ei meining om.

Vedtak:

Soknerådsleiar tek initiativ til eit felles møte med dei andre soknerådsleiarane for å drøfte framgangsmåte.

Sak 20/21 Førestilling i Stedje kyrkje:

Kyrjekontoret fekk ei henvending frå Anny Urtegård i pensjonistlaget i Balestrand. Ho lurar på om det er interesse for å få til ei førestilling i Tjugum kyrkje og Stedje kyrkje der Frode Skag Storheim tek oss med inn i Hans Nielsen Hauge si verd gjennom historie, kunst og musikk.

Aktuelle datoar er 29., 30. og 31.oktober. Han ynskjer kr. 5000 i honorar og dekkja reiseutgifter.

Vedtak:

Soknerådet tykkjer dette er av interesse og vil eventuelt vurdere å bruke av «frivillighetsmidlane» sak 22/21, men kan uansett dekke desse kostnadene. Val av dato må skje i samråd med Balestrand. Leiar melder tilbake til kyrjekontoret. Annonsering i S/SA i samarbeid med Balestrand. Elles bruke fb. og andre sosiale medium.

Sak 21/21 Kyrkjesekker i Stedje kyrkje. No når det er opna opp att for gudstenester utan restriksjonar, må vi ta opp att spørsmålet om å bruke kyrkjesekkane som tidlegare er kjøpt inn og vedteke skal brukast under gudstenestene. Sjå referat frå TOL under sak 7

Vedtak:

Soknerådet går inn for at kyrkjesekkane vert tekne i bruk. Leiar for kyrkjevertane Sigmar Åberge samt kyrkjevertane vert informert om dette. Prestane/trusopplærar er ansvarlege for å informere. Soknerådsleiar seier ifrå til kyrjekontoret ved å sende dei møteprotokollen.

Sak 22/21 Tilskot til frivilligheit - koronamidlar.

Det står att kr 13000 til fordeling på sokna, med kr 6422 til Stedje sokn. Eige notat vart delt ut i møtet.

Vedtak: Diakoniutvalet får disponere desse midlane og eventuelt bruke noko til førestillinga om Hans Nielsen Hauge.

Møtet slutt kl. 21.00

Helge Torstad
-leiar Stedje Sokneråd

Berit Amundsen
-referent